



---

## Notat

---

Til: Lindås kommune, Radøy kommune

Saksbehandler: Rådmann/stab/Irene Rydland Haukeland  
Vår referanse: 17/2879 - 1 /  
Dato: 13.11.2017

---

**Emne: Notat frå arkivleiar møte Lindås, Meland og Radøy - 13.11.2017**

**Tilstades:**

Elisabeth Valdersens – Lindås  
Jan Torry Sande – Radøy  
Irene Rydland Haukeland – Meland

**Bakgrunn:**

Kommunesamanslåing og status for arbeid med arkiv i kommunane.

Jan Torry leia møtet.

Alle tre kommunane var tilstades på møte med Karabin 25.10.17. Karabin er eit eksternt firma som har fått tildelt ansvar for «Kartlegging og målbilde» i «den digitale samanslåinga.»

**(Dokumentasjonen på er henta fram etter at vårt møte var avslutta.)** Resultatmålet for Karabin i dette er å «Levere ei kartlegging av status i dei ulike kommunane på IKT- området», herunder fleire underpunkt.

Det er viktig at vi ikkje gjer arbeid «på sida av» Karabin, men at vi kjem med relevant informasjon og påfyll ut i frå vår kunnskap og arkivfaglege ståstad. **Vi er pr. dato ikkje kjend med om vi skal bidra i delprosjekt for arkiv.** Vi ønskjer likevel å spele inn eit framlegg til mandat for leiar i Fellesnemnda. Det vil bli opp til leiar om han vil ta dette med seg vidare til Fellesnemnda.

Karabin sitt oppdrag ser ut for å vere avgrensa til arbeid med det *digitale arkivet*, som omfattar både historiske databasar, eksisterande driftsdatabasar, samt etablering av det nye digitale arkivet – les: dokumentforvaltninga i Alver kommune. Vi ønskjer med vårt innspel å synleggjere at arbeidet med arkiv er overordna dei fleste av prosjekta i samanslåing av Lindås, Meland og Radøy kommunar. Det må difor lagast ei oversikt over oppgåvene totalt sett, både for papirarkiv, planarbeid, organisering, samt for det digitale arkivet, historisk så vel som «bygging» av ny dokumentforvaltning.

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Vi bør også nemne at barneverntenesta i dei tre kommunane, skal slå seg saman før 01.01.2020. Her bør arkiv også delta i planlegging, etablering og gjennomføring av ny barnevernteneste for Alver kommune.

Radøy har laga eit framlegg til mandat med arbeidsoppgåver i prioritert rekkefølge, m.a med utgangspunkt i «Veileder i dokumentasjonsforvaltning og arkiv.»

Arkivleiarane får det til gjennomsyn og kommentar før framlegget vert sendt leiar Fellesnemnda v/ Øyvind Oddekalv - [posmottak@meland.kommune.no](mailto:posmottak@meland.kommune.no) Dersom dette skal opp som sak i Fellesnemnda 04.12.17, må framlegg til mandat sendast leiar så snart som mogleg på grunn av tidsfrist for utsending av saker.

Arkivleiarar i Hordaland skal på møte på IkaH 06.12.17 der tema er kommunesamanslåing og status i kommunane. Arkivleiarane i Lindås, Meland og Radøy skal møtast igjen 20.12.17, for ei oppsummering av status etter desse møta.

Irene Rydland Haukeland  
Referent

**Kopi til:**